



No kjem Karoline (22) frå Uskedalen endeleg på lufta i TV Norge/FEM som deltakar i serien Kakekrigen. Opptaka gjekk føre seg i juni i København, i studioa til Eyeworks Dinamo, og serien har no vore å sjå i 2 veker.

**Måndag klokka 20.30 inntar ei ny guppe på 5 arenaen og ein av dei er altså den bakeglade jenta frå Neset. Korleis det går er framleis strengt hemmeleg. Kjem ho til finalen montru?**

Det einaste Karoline har lov til å opplysa om er kva oppgåva som ho får måndag går ut på. Det er å bake ei kake som passar til årstida. Så vil utfallet avgjera kva som eventuelt skjer vidare.

Uansett er det ein berar av solide bakartradisjonar som deltek måndag. Både bestefar Otto og oldefar Odd var bakarar og i si tid var det 3 bakeriar her i bygda.

Farmora har lært henne mykje og ho har alltid likt å baka med cupkake og brownies fyrst på lista no. Og det er eigentleg hennar draum å starta bakeri i Uskedalen sjølv om ho no studerar statsvitenskap i Bergen.

Over bakar ho cupkake heime på Neset.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen